

Over streken – inn på banen

Denne Utpostenredaksjonen har ønska å profilere bladet tydelegare ut frå fire grunnpilarar – det reflekterande essay, fagpolitiske artiklar, meir klinisk stoff og kunstneriske bidrag. Tema er som før, allmenn- og samfunnsmedisin.

Allmennmedisin står for tida sterkare enn samfunnsmedisin i dei primærmedisinske miljøa i Noreg. Innføring av fastlegeordninga, «gjeninnføring» av prinzippet om henvisningsplikt og den store lønnskilnaden mellom fagområda, har gjort at samfunnsmedisin har kome i andre rekke. Ein spesialist i allmennmedisin tener i dag omlag dobbelt så mykje som ein fastløna spesialist i ein samfunnsmedisinsk stilling. Lønsvilkåra avspeglar den verdien samfunnet set på ulike tenester. Faget samfunnsmedisin har rekrutteringsproblem, og mange har dei seinare åra gått over i kombinerte allmenn- og samfunnsmedisinske stillingar av reine økonomiske årsaker.

I dette nummeret av Utposten presenterer vi tre samfunnsmedisinske artiklar, ein reflektrerande artikkkel om fag og politikk og to artiklar som kan kallast klinisk samfunnsmedisin. Lisbeth Bang skriv om verkemiddel i førebyggjande arbeid, smittevernoverlege M Jens Holm i Stavanger gjev oss del i sine notater og tankar om den dramatiske legionellaepidemien i Stavanger. Denne artikkelen viser til fulle kor viktig det er også å kunne tenkje årsaker og intervension på samfunnsnivå når ein møter pasientar i klinisk allmennmedisin.

Petter Øgar drøftar forhold vedrørande rolle, lojalitet, lydighet, politikk og fag – kjernespørsmål innanfor samfunnsmedisin. Han skriv at i forholdet mellom fag og politikk er rolleovertramp regelen snarare enn unntaket for samfunnsmedisinaren. Utposten meiner at det i dag truleg er eit større problem at samfunnsmedisinaren ikkje er tilstades korkje i formelle eller uformelle roller når viktige samfunnsspørsmål vert debatterte i kommune, fylke eller stat, enn at han imperialistisk trenger seg inn på politikarane sin banehalvdel, slik Øgar uttrykkjer det.

I desse dagar skriv Sosial- og helsedepartementet på ein ny handlingsplan for folkehelse, der to av hovudmåla er: Fleire verksame år og reduksjon av sosial ulikhet i helse. Det er godt dokumentert at nettopp sosial ulikhet og store lønnskilnader i eit samfunn skapar dårleg helse. I det norske samfunnet i dag er det større skilnader på fattig og rik enn nokon gong tidlegare i nyare tid. Dette er ein situasjon som burde vere ei kraftig utfordring både til fagfolk og politikarar. Samfunnsmedisinrarar: Over streken, og inn på banen! Lat dykkar røyst høyre i debatten!

Frode Forland